

Fjordvegen Rute 13 - NTP og riksveg 13 - 4.5.21: Spørsmål til Nye veier AS:

1. PLASSERING AV RIKSVEG 13 SKARE – SOGNDAL I PORTEFØLGJEN:

1.1. Har NV framleis ei prosjektinndeling i tre strategisk prioriteringsgrupper (nemnt i dok. av 1.11.20, Kap 5)?

1.2. Kva oppdaterte ramer/kriteria gjeld i tilfelle no for inndeling i dei tre gruppene (jf prioriterings-kriteria under pkt 5.3. i dokument av 1.11.20)?

1.3. Ligg enno riksveg 13 Skare – Sogndal i gruppe 2?
Kva andre prosjekt i samla portefølgje ligg i gruppe 2?

1.4. I tilfelle modellen over ligg fast:

Korleis skal gruppe 2-prosjekta kunne konkurrera i prioritering med eksisterande og ny portefølgje i gruppe 1? (Gitt at samfunnsøkonomisk nytte ligg fast som hovudkriterium for utvelging)

1.5 Er riksveg 13 hovudsakleg vald ut som «pilotprosjekt» og som «utbedringstiltak» pga mulegheit for NV å «utfordre og fornye etablerte gjennomføringsmodeller» (nemnt i tabell 5.1.)?

2. FINANSIELLE RAMER FOR NYE VEIER – GRUNNLAG FOR REELL PRIORITERING

2.1. Generelt: Gjeld enno prinsipp og vurderingar i kap 5.7. m.o.t. finansieringsramer, eller har NTP-forslaget frå mars endra på desse premissane?

2.2. I dokument av 1.11.20 er omtalt ekstra finansiering som delvis eller heilt dekkjer prosjekt i gruppe 2: Dvs: Er det slik at NV må få årleg tilført 2 mrd meir for å dekk ca 87 % av prosjekta i gruppe 2?

2.3. Om endeleg NTP gjev at NV ikkje får tildelt noko meir midlar årleg eller berre 1 mrd meir og dei same prosjekta er med i samla portefølgje som NTP-forslaget viser no: Kva prioritet kan då reknast for riksveg 13 m.o.t. oppstart, tiltak og heilskap?

2.4. NV deler strekningar i porteføljen inn i 3 tiltakskategoriar: *Utbygging, utbedring og utredning*.

Me forstår det slik at rv 13 kjem i kategori 2. Utbetring hovudsakleg av delstrekke pga låg ÅDT og difor føreslått med lågare investering pr km.

På delstrekke av riksveg 13, t.d. Vikafjellet er vegutbetring slik ordet er forstått av oss ikkje tiltak som gjev rassikring i høve snø, delvis stein, samstundes med akseptabel oppetid og føreseibar kvardag vinterstid.

Denne utfordringa turde vera kjent for NV ved deira forslag om å få tildelt nordre del av riksveg 13. Korleis ser ein føre seg aktuelle løysingar for Vikafjellet?

2.5. I sør i Ullensvang inkluderer riksveg 13-strekke delstrekke som og blir dekt av utgreiing KVVU, arm til Bergen. Korleis ser NV på denne problemstillinga og strekke?